

## Saksgang

| Utv.   | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for næring                        |             | 05.11.2020 |
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 04.11.2020 |
| Fylkesutvalet                                |             | 26.11.2020 |

**Selja kloster - etablering av formelt samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Stad kommune**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner sluttrapporten for prosjektet Selja kloster slik den ligg føre.
2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen mynde til å gå i dialog med Stad kommune, med sikte på å arbeide fram eit forslag til ei berekraftig organisasjonsform for Selja kloster og helgenanlegg som heilagmål og besøksmål.
3. Ny sak om organisasjonsform og eventuell økonomisk medverknad vil bli lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og inkludering, og hovudutval for næring, samt fylkesutvalet når forslag til ei berekraftig organisasjonsform er arbeida fram i samarbeid med Stad kommune.

Samandrag

Sluttrapport for prosjektet ved Selja kloster som starta opp i 2018 er levert til fylkeskommunen. Prosjektet såg på korleis ein kunne etablere ei langsiktig og berekraftig løysing for bevaring og utvikling av Selja kloster. I rapporten kjem det fram at fylkeskommunen og Stad kommune bør gå i dialog om å kome fram til ei løysing. Ein ynskjer difor å gå i dialog om å etablere eit formelt samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.

Saka gjeld både kulturminne og næringsutvikling. Ho blir difor fremma både for hovudutval for kultur, idrett og inkludering, og hovudutval for næring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I 2018 starta Sogn og Fjordane fylkeskommune ved avdeling for næring og kultur eit prosjekt som skulle etablere ei langsiktig og berekraftig løysing for bevaring og utvikling av Selja kloster. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore prosjekteigar, medan PwC har vore prosjektleiar etter anbodskonkurranse.

Prosjektet blei lyst ut som forprosjekt, med opsjon på eit hovudprosjekt. Forprosjektet gjekk i perioden hausten 2018 til våren 2019 og vart då vidareført til hovudprosjekt som gjekk fram til våren 2020. Sluttrapporten for hovudprosjektet ligg no føre.

Utval for kultur, idrett, samfunn og næring i Stad kommune vedtok i møte 09.06.2020 å godkjenne sluttrapporten slik den er og gav kommunedirektøren mynde til å gå i dialog med Vestland fylkeskommune med mål om å arbeide fram eit forslag til ei berekraftig organisasjonsform for Selja kloster og helgenanlegg som heilagmål og besøksmål.

Saka har både kultur- og næringselement, og fylkesrådmannen meiner framtidig berekraft er avhengig av ein god bruk, også kommersielt, men forvaltinga skal skje på kulturminneverdiane sine premiss.

### Historia til Selja

Selja kloster er frå 1100-talet og truleg det eldste klosteret i Norge. Ruinane av klosteret ligg på øya Selja, ca. 15 minuttars båttur frå Selje i Nordfjord, rett ut mot Stadhavet. Klosteret var eitt av dei første bispeseta i Norge, etablert i 1068 av Olav Kyrre. Heile anlegget er komplett med klosterkyrkje, tårn, andre klosterbygningar, indre og ytre kyrkjegardsmur, ytre klostermur, klosterhage og beitemarker, samt helgenanlegget. Helgenanlegget ved klosteret utgjer Sunnivahola, Sunnivakyrkja, terrassen og kjelda. Sankta Sunniva er landets første helgen og den einaste kvinnelege helgen. Sankta Sunniva er også vergehelgen for Bergen og Vestlandet og vaktar særleg over dei sjøfarande. Selja kloster har vore og er eit viktig heilagmål for pilegrimar.

Det offentlege har i dag både eigarskapen, og forvaltaransvaret for Selja kloster. Opplysningsvesenets Fond (OVF) har eigarskapen, medan Vestland fylkeskommune har forvaltaransvaret. Stad kommune er vertskommune og eigar av kaianlegget på Selja. Selja er som heilagstad ein stad for alle kristne trussamfunn og organisasjonar i Norge og internasjonalt og ligg under Bjørgvin bispedøme.

Fram til 01.01.2020 var det Riksantikvaren som hadde forvaltaransvaret for Selja kloster. Riksantikvaren har gjennom Ruinprosjektet ved Selje kommune gjennomført omfattande restaurering av Selja kloster og helgenanlegg det siste 10-året. Dette arbeidet går no mot slutten.

Vestland fylkeskommune er i gang med forvaltningsplan for øya. Dette er planen som skal danne grunnlaget for samarbeid mellom aktørar og framtidige søknadar om tilskot til bevaring, konservering og skjøtsel.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse. Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

### Vurderingar og verknader

Som nemnt tok Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2018 initiativ til eit forprosjekt for Selja kloster som besøksmål, med sikte på å etablere ei langsiktig og berekraftig løysing for bevaring og utvikling av Selja kloster. Forprosjektet gjekk i perioden hausten 2018 til våren 2019. I forprosjektet låg følgjande hovudaktivitetar:

1. Skildre oppgåver knytt til drift av anlegget, infrastrukturutvikling og vilkår for kommersiell utvikling.
2. Skissere mogeleg organisasjonsmodell for utvikling av Selja kloster.
3. Utvikle opplevingar rundt kulturminne og heilagmål Selja kloster.
4. Konkretisere mogelegheiter for etablering av eit nasjonalt pilegrimssenter i Selje.

## 5. Forankre klostretsatsing i lokalsamfunnet og skape ein tydeleg identitet rundt Selja kloster.

Forprosjektet vart følgt opp av eit hovudprosjekt med oppstart våren 2019. Vestland fylkeskommune overtok frå 1. januar 2020 rolla som prosjekteigar etter Sogn og Fjordane fylkeskommune, og har i samband med regionreforma også overteke forvaltningsansvaret for Selja kloster og helgenanlegg.

Hovudprosjektet for Selja kloster har følgd ordinær prosjektmetode, med følgjande medlemmar i styringsgruppa:

- Jan Heggheim, styringsgruppeleiar, Vestland fylkeskommune
- Kristine Dahl, Stad kommune
- Beate Vik Hauge, Visit Nordfjord
- Liv Koller-Borg, Selje Hotell Invest AS
- Ragna Sofie Grung Moe, Bjørgvin Bispedøme
- Inger Merete Øygard, Innovasjon Norge
- Maria Vengen, lokal representant frå Selje
- Eva Moberg, Vestland fylkeskommune
- Alfred Bjørlo, Stad kommune


Prosjektleiar for Riksantikvaren sitt ruinprosjekt, Bjørn Jensen, og reiselivsmedarbeidar i Vestland fylkeskommune, Anne Silje Sylvarnes, har hatt ei observatørrolle i prosjektet.

Sluttrapporten frå hovudprosjektet er no klar, og er bygd opp slik:

1. Bakgrunn, formål og sentrale omsyn
2. Oppgåver for å ivareta, samarbeide og gjere kulturminne og heilagmål tilgjengeleg
3. Roller, ansvar og framtidig organisering
4. Kommersiell aktivitet rundt klosteret
5. Tilsrådingar

Det vert under punkt 3 «Roller, ansvar og organisering» tilrådd at det vert etablert eit samarbeidsorgan med det formål å bevare og utvikle klosterøya. Det vert tilrådd at Stad kommune får eit hovudansvar for samarbeidsorganet, men at samarbeidsavtalar må forplikte andre miljø.

Det blir tilrådd at oppgåvene blir tydeleg fordelt mellom private og offentlege aktørar i ein framtidig organisasjonsmodell. I sluttrapporten er dette m.a. vist slik:



Det vert peika på at val av organisasjonsmodell må sjåast i samanheng med føremålet med samarbeidet, kva aktørane skal samarbeide om og kven som skal vere partar i samarbeidet.


Følgjande føresetnadar vert tilrådd for val av organisasjonsmodell:

- Organiseringa må samle offentlege miljø som jobbar for å bevare klosteret og verdisettet rundt dette.
- Dei offentlege aktørane må skape arenaen for gode samarbeidsløysingar med miljø som jobbar for å utvikle opplevingar rundt klosteret, både private og offentlege.

- Stad kommune skal vere den drivande parten i eit felles og forpliktande samarbeidsforum.
- Forpliktande avtalar må på plass mellom dei ulike aktørane.
- Ein bør vurdere å etablere eit ressursråd frå privat næringsliv som høyringsinstans i viktige tema rundt klosteret.

Sluttrapporten peikar på ulike organisasjonsmodellar med heimel i kommunelova og på ei avtalebasert organisering etter same form som Gulatings er organisert i dag, som aktuelle måtar å organisere eit samarbeidsforum på.

Forslag til framtidig organisering ser slik ut:



**Økonomi:** I den første dialogen med Stad kommune er det ikkje behov for eigne midlar, men arbeidstimar frå fylkeskommunen. Ein skal arbeide fram eit forslag til ei framtidig berekraftig organisasjonsform som avklarar eventuell økonomisk medverknad ved seinare høve. Dette vil ein kome tilbake til i ei eiga sak.

**Klima:** Ikke relevant.

**Folkehelse:** Satsinga er med å bygge oppunder satsinga til fylkeskommunen på vandring og på pilegrimsleia.

**Regional planstrategi:** Satsinga er i tråd med føringar i den regionale planstrategien.

## Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at Vestland fylkeskommune sluttar seg til sluttrapporten slik den ligg føre.

Selja kloster er eit kulturminne med internasjonal interesse, og kan utviklast til eit viktig reisemål. Ein formell struktur med føresielege økonomiske rammer er avgjerande for ei berekraftig utvikling av Selja kloster for både det offentlege, trussamfunna, næringslivet og dei frivillige.

Fylkesrådmannen ynskjer saman med Stad kommune å utvikle ein formell struktur.